

Frå Oppegård kommune

Til Markarådet

## **Forslag til sak til møte i Markarådet den 11.11.2014**

Tema: Mulige konsekvensar av markalovens unntak for offentlige infrastrukturanelegg

### **Bakgrunn**

I markalovens § 7 følger unntakene for kva for tiltak som kan tillates i marka gjennom statlege eller kommunale planar. Med forbehold om at tiltakene er forenlig med lovens formål om å fremme og tilrettelegge for friluftsliv, naturopplevelser og idrett opner punkt 4 for følgjande tiltak:

4. *offentlige infrastrukturanelegg som veger, jernbane, dammer, vannforsyningssystemer, kraftledninger mv., samt områder for igangværende råstoffutvinning.*

### **Utfordringar**

Markalovens unntak opnar for at offentlige infrastrukturanelegg kan byggjast innanfor markagrensa. Slike tiltak er plasskrevjande og vil kunne medføre ein fragmentering av området det leggjast til. Ein fragmentering kan skape restareal som får ein forringa verdi, fordi det blir liggjande inneklemt eller i nær tilknyting til infrastrukturaneleget.

Lova tar ikkje stilling til kva slags negative ringverknader som kan kome ved at ein tar hull på marka for å bygge infrastrukturanelegg. Ein forringa verdi på nærliggjande områdar kan gjøre at naturområda blir utsatt og sårbar for andre utbyggingsinteresser som ynskjer å omdisponere områda til andre formål enn det som er i tråd med lovas intensjon.

Det er viktig å vere bevisst på kva for konsekvensar slike utbyggingsar kan medføre, og kor viktig det er å vere konsekvent på at markagrensa skal stå og at det ikkje skal tillates andre tiltak enn det § 7 punkt 4 opnar for. Elles kan ein konsekvens vere at naturområda som ligg att som restareal blir enkle bytte for utbyggingspresset i framtida.

### **Eksempel frå markakommunen Oppegård**

Oppegård kommune ligger i randsonen av Oslo og er ein av dei 19 markakommunane. Gjennom sørmarka i kommunen går E6. I kommunen har vi sett eksemplar på korleis utanforståande aktørar har organisert seg og fått til samarbeid med grunneigarane i området gjennom opsjonsavtaler. Aktørane har vidare forsøkt å oppmuntre blant anna offentlige aktørar til etablering av nødvendige infrastrukturanelegg i det same området. Det har vore tale om etablering av blant anna trailerparkering, beredskapsenter og ny stasjonsby i sørmarka innanfor Oppegårdsgrensene.

Når private aktørar forsøker å påverke statlege aktørar til å etablere seg i det same markaområdet der det allereie er etablert opsjonsavtaler med grunneigarane, er det grunn til å uroe seg for kva slags vidare planar som ligger på vent. Det er svært viktig at markalova og praktiseringa av lova er eintydig og konsekvent på kva som kan byggjast innanfor markagrensa, og ikkje tillater andre påfølgjande tiltak.

### **Forslag til vedtak i Markarådet:**

Markarådet ynskjer å gjere Fylkesmannen i Oslo og Akershus oppmerksam på dei mogelege konsekvensane av etablering av offentlige infrastrukturanlegg i forvaltning av markasaker.

Markarådet ber fylkesmannen om å klart stadfeste at markalova ikkje opnar for etablering av andre tiltak innanfor markagrensa, enn det som tillates gjennom § 7, punkt 4. Fragmenterte naturområdar som ein konsekvens av utbygging av infrastrukturanlegg skal sikrast til formål i tråd med lovas intensjon.